

Kulturminnegruppe i Uskedalen

10.02.2016



Den gamle løa til Johannes Hauge på Skorpo er eit sjeldan kulturminne

Planprogram til Kommunedelplan for kulturminne i Kvinnherad ligg ute til høyring. Personar og organisasjonar vert inviterte til å ta del i planarbeidet med registrering og formidling av kulturminne. Uskedal utvikling er høyringspart i viktige kommunale plansaker. Meir informasjon om arbeidsmetoden kjem fram på møte onsdag 2.mars i Gamleskulen.




Stølhusa på Vatnastøl er eit døme på vern og bruk av kulturminne

Kulturminne er spor etter menneskeleg handling i landskapet, men og alt som knyter seg til minnestoff, lokalhistorie, lokale skikkar og lokalt handverk. I Uskedalen finn vi mange godt dokumenterte kulturminne, - både forminne og nyare kulturminne. Mykje er verneverdig, berre nokre få objekt er freda slik som Kapteinsgarden og Eika på Rød.

Uskedal utvikling inviterer interesserte personar til å vera med i ei arbeidsgruppe. Gruppa vert oppmoda til å tenkja nytt og få med det som er særeige for Uskedalen.

Det er nok å nemna bilsamlinga til Einar Gjertsen og motorsamlinga til Asbjørn og Trond Olsen. Ingen andre bygder i Kvinnherad har tilsvarende kulturminne.



Einar Gjertsen har ei unik bilsamling. Her ser vi han ved ein av bilane.(Foto: Sjur Tjelmeland/Kvinnheringen)

Meir informasjon på møte i Uskedale utvikling onsdag 2. mars kl. 19.

Dersom du vil vita meir om planarbeidet, ta kontakt med:

kristian.olav.bringedal@kvinnherad.kommune.no



Bøkkerverkstaden på Rød er eit særeige kulturminne i Kvinnherad

Tekst/foto: Kristian Bringedal

Nett: Thor Inge Døssland